

AT SKOG SA
Postboks 73
3901 PORSGRUNN

Dato: 09.12.2025
Vår referanse: 2025/8749-3
Sakshandsamar: Per Wraa

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 297/25

51/2 - Svar på melding om hogst i vernskog

Vedtak

Kommunen har ikkje merknad til melding om hogst i vernskog datert 02.12.2025. Med heimel i § 8 i forskrift om vernskog, Telemark set ein fylgjande vilkår:

- Det skal takast generelle miljøomsyn ved hogsten.
- Området skal vere tilfredsstillande forynging ved planting seinast 3 år etter hogsten

Bakgrunn

AT skog melder på vegne av Marit Kåsa og Kristian Solbakken, eigar av eigedom med gnr/bnr 51/1 i Vinje, om hogst i vernskog. Det aktuelle området ligg 740 moh og er merkt på vedlagt kart.

Hogsten dekkjer 186 dekar. Den gjennomførast som fjellskoghogst med hogstmaskin og er på om lag 1.200 m³. Gjenståande volum etter hogst er 6 m³ pr da.

Vurdering:

Meldinga vurderast etter § 7 i naturmangfaldlova og etter forskrift om vernskog, Telemark.

Hogsten er vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12 ved søk i tilgjengelege basar og sjekka opp mot Mis-registreringar i skog. Det er ikkje funne registreringar som kjem i konflikt med tiltaket. Kunnskapsgrunnlaget om artsmangfald og naturtypar vurderast som god, og tiltaket vil ikkje forringe eller truge artsmangfaldet eller spesielle naturtypar.

Meldeplikta er overheldt.

Dokument i saka

Med helsing

Per Wraa

landbruksrådgjevar
Kultur, næring og fritid

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarakar:
AT SKOG SA

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.